

**Møtebok**  
**frå**  
**utdanningsutvalet**

**Møtestad:** AR T-401  
**Tid:** 16.10.2019 kl. 09:00

**Fylgjande faste medlemmer møte:**

Turid Borgen  
Emilie Christensen  
Astrid Birgitte Eggen  
Rune Giske  
Anne Helliesen  
Philip Lundberg Jamissen  
Jan Terje Kvaløy  
Aslaug Mikkelsen  
Björg Frøysland Oftedal  
Viktoria Opsahl  
Brita Strand Rangnes  
Magne Olav Sydnes  
Leslie Leith Symington  
Julie Wangen

**Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Marianne Skogerbø

**Følgende faste observatørar møte:**

Anne Beth Våga

**Frå administrasjonen møte:**

Veslemøy Hagen, Eilef J. Gard, Kristofer Henrichsen

Møtet vart leia av Astrid Birgitte Eggen

<b>Saksnr.</b>	<b>Innhold</b>	<b>U.off.</b>	<b>Arkivnr.</b>
UU <a href="#">24/19</a>	Godkjenning av innkalling		
UU <a href="#">25/19</a>	Godkjenning av møtebok 22.05.2019		19/07149-6
UU <a href="#">26/19</a>	Strategisk tema: ECIU University og "Lære hele livet"		
UU <a href="#">27/19</a>	Kvalitet i studieportefølje - Akkreditering, namneendring og nedleggjing av studier		19/00036-17
UU <a href="#">28/19</a>	Kvalitet i studieportefølje - Interne tilsyn med studiene - plan for 2020		19/04531-7
UU <a href="#">29/19</a>	Fastsetjing av undervisningsterminar 2020 - 2021		15/05234-6
UU <a href="#">30/19</a>	Kvalitet i studieportefølje - Studieplasser 2020 - 2021		19/02372-10
UU <a href="#">31/19</a>	Kvalitet i studieportefølje - Studentopptaket 2019		15/05996-6
UU <a href="#">32/19</a>	Utdanningskvalitetsseminar 2019 - 2020		15/02097-6
UU <a href="#">33/19</a>	Forsinka sensur ved UiS - eksamen vår 2019		18/01752-26
UU <a href="#">34/19</a>	Andre orienteringssaker		19/09556-1
UU <a href="#">35/19</a>	Eventuelt		

Stavanger, 16.10.2019

## **UU 24/19 Godkjenning av innkalling**

Det vart etterlyst informasjon om kva utvalet skal leggja vekt på i sakene, serleg i den store saka om akkreditering av studier, som hadde over tusen sider dokument.

Utvalseiar presiserte at det er saksframlegget som er det viktigaste som utvalet skal forhalda deg til. Vedlegga er til opplysing.

Utdanningsdirektøren la til at ho burde ha skrive at utvalet er bedt om å vurdere og godkjenna prosessen fram til søknad om akkreditering vart lagt fram for utvalet.

Til saklista: Sak 31/19 vert handsama fyrst, etter saka om strategisk tema.

### **Vedtak:**

Innkallinga er godkjend med dei kommentarane som kom fram i saka.

## **UU 25/19 Godkjenning av møtebok 22.05.2019**

Det var ingen kommentarar til møteboka.

### **Vedtak:**

Møteboka er godkjend.

## **UU 26/19 Strategisk tema: ECIU University og "Lære hele livet"**

Utvalseiar innleia til samtale om livslang læring. Ho ga eit oversyn over trendar i høgare utdanning og presenterte nokre utfordringar som institusjonane står overfor.

Bjarte Hoem orienterte om ECIU University og UiS si rolle i dette prosjektet.

Utvalet heldt m.a. fram fylgjande i samtalen i saka:

- Dette er eit spennande prosjekt. Samtidig er der mange fallgruver. Skal dette omfanna heile UiS må me ha ein grenseoppgang. Dette vil leggja beslag på store ressursar på toppen av det me gjer frå før. Mikrokurs vil vera retta mot behov som dukkar opp og som forsvinn igjen. Det må vera mogeleg å oppretta slike utan å bruka for mykje ressursar på det.
- Utviklinga går så fort at utdanning blir utdatert. Me må kunna handtera både gradsstrukturar og dei nye utfordringsbaserte utdanningane.
- Kva skal vera utfordringane me her på UiS skal ta fatt i? Kva spesifikt skal gjerast?
- Det er ei utfordring å halda merksemda oppe og ta vare på entusiasmen i fagmiljøa.
- Må ha ei tidslinje for framdrifta i prosjektet.
- Når det gjeld utfordringar, er til dømes overvektige barn er ei stor utfordring. Korleis kan me løysa dette i ECIU-prosjektet? Vil ei slik problemstilling vera interessant?
- Det er viktig å leggja opp til interne pilotar. Me må tenkja rask framdrift.

Utvalseiar la til at det er gjort eit stort arbeid saman med dei andre institusjonane som er med i ECIU University. Me må kjøra interne pilotar i ein treårsperiode. Det må vera låg terskel når me begynnar å implementera.

## UU 27/19      Kvalitet i studieportefølje - Akkreditering, namneendring og nedleggjing av studier

Utvalsleiar innleia og føreslo å gå gjennom saka program for program. Utvalet skal både gjera vedtak om akkreditering og samtidig gje råd til styret. Ho la til at ho ynskjer å endra dette i framtidige saker.

Prodekan for utdanning ved handelshøgskolen hadde ein generell kommentar til søknadene: Nokre studier er etterspurde av studentar men kanskje ikkje så mykje av samfunnet. Me treng nokre prinsipielle diskusjonar om studier som er populære blant studentar men som gir svake muligheter på arbeidsmarknaden.

Utvalsleiar merka at søknadsmalen kan utviklast og leggja meir vekt på trongen i samfunnet.

Utvalet hadde fylgjande kommentarar til den enkelte søknaden:

### *Bachelorstudium i psykologi*

Utvalsleiar merka at trong for kompetanse er godt gjort greie for i søknaden.

Prodekan for utdanning ved Det samfunnsvitskaplege fakultetet la til at bachelorprogrammet i psykologi vil vera eit viktig tilskot til helseutdanningane, kompetansen trengs i samfunnet og studiet kan gje inngang til fleire masterstudier.

### *Ph.d.-program i samfunnsvitskap*

Utvalsleiar berømna fakultetet for å etablera eit meir robust program.

Det vart stilt spørsmål om forskarskulane likevel vil vera robuste nok.

### *Bachelorstudium i religion, kultur og samfunn*

Prodekan for utdanning frå Fakultet for utdanningsvitskap og humaliaora kommenterte at dette er eit program der fakultetet har dei faglege ressursane på plass. Det går inn i lektorprogrammet.

Det er lagt inn veldig få studieplasser, men emna vert samkjørde med andre program.

Utdanningsdirektøren la til at styret vil gjera vedtak om nullopptak på masterstudiet i religion, som vart etablert i fjor.

Prodekanen ved fakultetet støtta utdanningsdirektøren si uro om søkjartal.

### *Masterstudium i idrettsvitskap*

Utdanningsdirektøren gjorde greie for saka, som vart til i dialog med fakultetet. Utvalet hadde ingen vidare kommentarar.

### *Femårig integrert masterstudium i realfag, matematikk og fysikk*

Utdanningsdirektøren viste til at det har vore låg søknad på både bachelor- og masterstudiet. Nå vil fakultetet etablera ein integrert femårig master, med mulighet for å slutta av med ein bachelor. Det er utdanningsdirektøren si vurdering at dette er strategisk rett endring.

Utvalsleiar la til at me skal lytta til trong frå arbeidsmarknaden, men me må også oppretthalda basisfaga.

Prodekan for utdanning frå fakultetet støtta utvalsleiar og la til at matematikk- og fysikkfaga er inne på nesten alle dei andre bachelorstudia ved fakultetet.

Utvalet hadde ingen kommentarar til dei to bachelorstudia i ingeniørfag.

### *Nedleggjing master i teknologi og miljøovervaking og naturforvaltning i de nordlige olje- og gassproduserende regioner*

Masterstudiet i miljøteknologi tek over fagmiløet.

Utvalet hadde fylgjande kommentarar til saka i sin heilskap:

- Mange av masterprogramma har vore utruleg viktige i studieporteføljen.
- Kvifor har me så låg portefølje på bachelor? Me må analysere dette og finna ut av det.
- Det er ingen nettoauke i talet på masterstudier i denne saka, fordi andre vert lagde ned.

### **Vedtak:**

Utdanningsutvalet akkrediterar fylgjande studier:

- a) Bachelorstudium i psykologi. Engelsk namn er Bachelor's programme in psychology. Studiet gir grad og tittel bachelor i psykologi.
- b) Ph.d.-program i samfunnsvitenskap. Engelsk namn er Ph.D. programme in Social Sciences. Studiet gir grad og tittel philosophiae doctor i samfunnsvitenskap.
- c) Bachelorstudium i religion, kultur og samfunn. Engelsk namn er Bachelor's Programme in Religion, Culture and Society. Studiet gir grad og tittel bachelor i religion.
- d) Masterstudium i idrettsvitenskap. Engelsk namn er Master's Programme in Sports Science. Studiet gir grad og tittel master i idrettsvitenskap.
- e) Femårig integrert masterstudium i realfag, matematikk og fysikk. Engelsk namn er 5-year integrated Master's Programme in Mathematics and Physics. Studiet gir grad og tittel master i realfag, matematikk og fysikk.
- f) Bachelorstudium i ingeniørfag, energi- og petroleumsteknologi. Engelsk namn er Bachelor's Programme in Energy and Petroleum Engineering. Studiet gir grad og tittel bachelor i ingeniørfag, energi- og petroleumsteknologi.
- g) Bachelorstudium i ingeniørfag, geo- og energiresurser. Engelsk namn er Bachelor's Programme in Earth Energy Resources Engineering. Studiet gir grad og tittel bachelor i ingeniørfag, geo- og energiresurser.
- h) Utdanningsutvalet tilrår styret om å etablere desse studia med oppstart hausten 2020.

Utdanningsutvalet tilrår universitetsstyret å

- i) Leggja ned masterstudium i utdanningsvitenskap og reetablere av masterstudium i spesialpedagogikk med verknad frå studieåret 2020-2021.
- j) Leggja ned toårig masterstudium i teknologi, miljøovervåking og naturforvaltning i de nordlige olje- og gassproduserende regioner med verknad frå studieåret 2020-2021.

## **UU 28/19 Kvalitet i studieportefølje - Interne tilsyn med studiene - plan for 2020**

Utvalgsleder innledet. Bachelorstudium i rettvitenskap blir utsatt ett år og blir trukket fra denne saken.

Prodekan for utdanning ved Fakultet for utøvende kunsthøgskole ønsket å endre hvilket program som skal ha tilsyn fra deres fakultet. Det skal gjøres en stor revisjon på bachelorstudiet i dans, og det kan være nyttig å slå dette sammen med det ordinære tilsynet.

Utvalgsleder støttet dette og la til at det er rom for å ta et program til inn i tilsynet i 2020.

### **Vedtak:**

Det føres tilsyn med følgende gradsprogrammer i 2020:

Masterstudiet i helsevitenskap  
Bachelorstudiet i journalistikk  
Masterstudiet i sosialfag  
Bachelorstudiet i hotelledelse  
Bachelorstudiet reiselivsledelse  
Master's Programme in Petroleum Engineering  
Bachelorstudiet i biologisk kjemi  
Master's Programme in Geosciences Engineering  
Masterstudiet i spesialpedagogikk

Masterstudiet i lesevitenskap, heltid og deltid  
Master's Programme in Literacy Studies, heltid og deltid  
Masterstudiet i musikk, heltid og deltid

Det legges til grunn at det føres tilsyn med alle studieprogrammer i løpet av en åtte års periode, 2019 – 2026. Dekanen selv må se til at det føres tilsyn med kortere studieprogrammer; årsstudier, EVU-tilbud etc. i løpet av perioden.

## **UU 29/19 Fastsetjing av undervisningsterminar 2020 - 2021**

Utvalet diskuterte kor vidt starten på undervisningstermin skal samanfalla med den offisielle semesteropninga neste studieår. Det vart også fremja ynskje om å korta inn eksamensperioden i haustsemesteret for å gje rom for lenger undervisningsperiode.

Utdanningsdirektøren svarta at det er kalenderen som bestemmer startdato for semesteret, og dato er fastsett både i samsvar med tidlegare praksis og med at dei andre universiteta skal ha same opningsdato. Det er oppretta eit utval som skal arbeida med eksamen. Dette kan gje innspel til utvalet om eksamensperiode.

Etter forslag frå utvalet vart fyrste setning i tredje avsnitt i pkt a) i vedtaksforslaget endra til: All ordinær undervisning og eksamen/prøve (jf. eksamensforskrifta) skal haldast innføre dette tidsrommet.

### **Vedtak:**

a) Utdanningsutvalet fastset fylgjande undervisningsterminar for studieåret 2020 - 2021:

2020 haustsemesteret: måndag 10. august - tysdag 22. desember.

2021 vårsemesteret: måndag 4. januar - fredag 25. juni.

All ordinær undervisning og eksamen/prøve (jf. eksamensforskrifta) skal haldast innføre dette tidsrommet. Ulike typar prøvar eller forkurs og liknande, som er naudsynte for å begynna på undervisninga, kan gjennomførast før semesterstart. Slike tiltak skal vera omtalte i fag- og studieplanar og dessutan vera tydeleg annonserte.

Eksamenar, prøvar, oppgåver med meir, som er avlagde eller innleverde i perioden mellom 1. august og 31. desember og mellom 1. januar og 31. juli kjem fram på karakterutskrift/vitnemål som avlagde eller innleverde høvesvis i haustterminen eller vårterminen.

b) Utdanningsutvalet rår rektor til å fastsetja dato for offisiell semesteropning til måndag 10. august 2020.

## **UU 30/19 Kvalitet i studieportefølje - Studieplasser 2020 - 2021**

Utvalsleiar innleia. Dette er ei orienteringssak som vert lagd fram for styret.

Utdanningsdirektøren la til at ved UiS har ein studieplass full finansiering. Dersom studieplasser vert flytta, vil også økonomien verta endra ved fakulteta. Det vert gjort eit stort og flott arbeid på fakulteta med denne saka. Dette er lange prosessar, og det er vanskeleg å endra innstillinga nå. Saka vert lagd fram for styret med framlegg til vedtak.

Denne saka vil også vera kvalitetsmeldinga til styret, skriven inn i dei sju kvalitetsfaktorane i kvalitetssystemet.

Utvalsleiar sa seg nøgd med at styret får alle dei tre sakene om kvalitet i studieportefølje i same møtet.

### **Vedtak:**

Utdanningsutvalet tek saka til orientering.

Møtebok: Utdanningsutvalget, 16.10.2019

## **UU 31/19    Kvalitet i studieportefølje - Studentopptaket 2019**

Utdanningsdirektøren innleia. Det er om lag like mange studieplasser på bachelorprogramma som på masterprogramma, men opptaket på bachelor er mykje betre enn på master. Utfordringa er at det til enkelte studier er for få søkjarar. Ein klarer heller ikkje å auka det internasjonale opptaket.

Opptaket er nå sentralisert. Det er dialog med fakulteta om utsending av tilbod og etterfylling. Men det viser seg at det ikkje fungerer med etterfylling.

Utdanningsdirektøren reiste eit spørsmål om å sjå studieplassene på UiS i eit heile, for å flytta studieplasser mellom studier og fakultet, og dermed betre fylla opp studieplassane som universitetet disponerar.

Utvalet hadde fylgjande innspel i saka:

- Det er eit dilemma når me ser på denne saka og saka om akkreditering. Me etablerar fleire masterstudier.
- Det ser ut til å vera ein nedovergåande trend på dei internasjonale søkjarane.
- Det er veldig viktig å fylgja opp studentar som ikkje møter. Me har ikkje godt nok system for å fylla opp desse plassene. Det er også ein fare å overbooka ved at me då kan risikera å få for mange studentar på eit program.

Utdanningsdirektøren hadde fylgjande kommentarar: Me ynskjer å gjera eit overopptak på 25 % på masterstudier, basert på erfaringstal. Men dette må gjerast i samarbeid med fakulteta. Nokre studier har eit avgrensa tal praksisplasser, som set grenser for kor mange studentar me kan ta opp. Det har vist seg at det er viktig å gå ut fyrste gongen med mange nok tilbod.

Utvalseiar la til at ho merkar seg samanhengen mellom opptaket på bachelor- og masterstudia, og akkreditering av nye masterar. Ho varsla ein gjennomgang av masterporteføljen og at det må tydeleggjerast at det er godt nok søkjargrunnlag til masterstudia. Det kan gjerast simuleringar på kva utslag endringar i fordeling av studieplasser vil gje.

### **Vedtak:**

Utdanningsutvalget tek saka til orientering.

## **UU 32/19    Utdanningskvalitetsseminar 2019 - 2020**

Utvalseiar innleia. Saka er både vedtaks- og diskusjonssak. Det er viktig å oppretthalda trykket i kvalitetsarbeidet med diskusjonar i slike fora som saka viser til. Utvalet skal ta stilling til tre spørsmål.

I samtalen i saka kom det fram ynskje om å sjå dei tiltaka som er føreslegne i samanheng med tilsvarende tiltak på fakulteta, og eit forslag om at slike kvalitetsfremjande tiltak som saka handlar om kan inngå i kvalifiserings- og meritteringsordningane ved universitetet.

Vidare vart det lagt vekt på nytten av at ulike målgrupper deltek i kvalitetsfremjande møteplasser og delingsarenaer, som undervisarar, studieadministrativt personale, studentar og utdanningsleiarar.

Utvalseiar viste til handsaminga av same saka i læringsmiljøutvalet dagen før, der to av medlemene vert med i gruppa som skal organisera og gjennomføra seminara dette studieåret.

Frå utdanningsutvalet vert Viktora Opsahl og Aslaug Mikkelsen med.

Dato som var føreslegen i framlegg til vedtak passar ikkje for fleire av medlemene. Framlegget til vedtak vart difor endra på dette punktet.

**Vedtak:**

Utdanningsutvalet og læringsmiljøutvalet arrangerer to seminar for utdanningskvalitet i studieåret 2019 – 2020. To representantar frå UU, saman med to representantar frå LU, utdanningsdirektøren og prorektor for utdanning organiserar og gjennomfører seminara.

### **UU 33/19 Forsinka sensur ved UiS, eksamen vår 2019**

Utdanningsdirektøren innleia. Det er studentane som har drive fram denne saka. Tiltaka har hatt god effekt.

Utvalet hadde fylgjande innspel i saka:

- Det har vore ei god utvikling med å redusera førekome av forsinka sensur. Men me ser berre på tidsfristane her, ikkje på kvaliteten i sjølve sensuren. Det kan vera nyttig t.d. også å sjå på endring i karakter ved ny sensur.
- Det vert gjort eit stort og godt arbeid med eksamen på fakulteta.
- Der er stor spreing i data, det syner at tiltaka har hatt systematisk ulik effekt. Enkelte avdelingar har fått det godt til, andre ikkje. Kva kan me gjera med dette?
- Rapporten skiljer ikkje mellom ein dag og ei veke. Sensur vert kanskje levert inn på rett dato, men vert ikkje registrert innan fristen pga at det kjem inn for seint på dagen. Dette gjeld manuelt registrert sensur, som det er ein del av på Det teknisk-naturvitskaplege fakultetet. Det må setjast ein tydelegare frist.

Utdanningsdirektøren viste til sluttkommentar i saka om tekniske utfordringar og la til at fakultetsleiinga har ansvar for å sikra at fristane vert overhaldne

**Vedtak:**

Utdanningsutvalget tek saka til orientering.

### **UU 34/19 Andre orienteringssaker**

Utdanningsdirektøren orienterte om fylgjande saker:

- Studiebarometeret for 2019 startar 22. oktober. Nå skal fakulteta ha ansvar for gjennomføringa.
- Dokumentasjon til NOKUT-tilsynet vart levert innan fristen 8. oktober. NOKUT kjem på besøk 19. og 20. november.
- Språkformer i utdanningssaker og kvalitetsarbeid. Minst 25 % av saker skal vera på nynorsk.

**Vedtak:**

Utdanningsutvalet tek sakene til orientering.

### **UU 35/19 Eventuelt**

Der var ingen saker til eventuelt.